

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rossland - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.cow.no>

Meland kommune
v/Marius Knudsen

Dykkar ref.:
Vår ref.: BJS

Dato. 20.03.2018

Gjeld dispensasjon for motorbruk i Rylansvassdraget

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylansvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

Grunneigarlaget utfører tynningsfiske i Rylansvassdraget - dette for å forbetra røyebestanden. Det er Arnt Brakstad som fiskar aktivt med garn og ruse i Storavatnet, og han fiska ut nærare 4000 røye (566 kg) i 2017.


Frå 2000-2005 fiska vi aktivt med garn i Rylansvatnet, og fiska ut om lag 140 kg pr år. Siste åra har Bjørn Inge Tornes fiska i Rylansvatnet, og han tok ut 15 kg røye og 17 kg aure i 2017. Det er no synlege resultat på fisken i Rylansvatnet. Måsemakk infeksjon har gått betydelig tilbake, og fisken sin kondisjon har auka. Dette gjev ein forbetra kvalitet som matfisk.

Det vert utarbeidd fangstresultat for kvart år.

I Storavatnet og Bjørndalsvatnet har grunneigarane høve til å gje andre løyve til bruk av motor i næringsamanheng. Arnt Brakstad får nytta påhengsmotor i Storavatnet i høve tynningsfiske.

I Rylansvatnet er det ikkje tillate med motor på båt. Midtre Holsnøy Grunneigarlag søker med dette om dispensasjon til å få bruke motor i Rylansvatnet frå no og ut 2018. Det er hovudsakleg Bjørn Inge Tornes som skal utføre tynningsfiske og han nyttar elektrisk motor.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit
Leiar

Laget si heimeside: <http://steinberget.net/FISKE/Grunneigarlag.htm>